



Turneringsreglement

Turneringa følger kampreglementet til NFF og [speleregler for spel på små banar \(13 år og eldre\)](#).

Spelform i turneringa er 5v5. Speletid: 1x17 minutt.

Kampane blir starta og stoppa av speaker. Dersom eit lag ikkje møter presis vil kampen bli sett i gang så snart begge lag er klar. Kampen avsluttast etter oppsatt kampprogram, og vil dermed medføre kortare speletid. Møter eit lag meir enn fem minutt for seint, blir motstandar tildelt siger på «walkover» og målskår 0-0.

Avspark takast av laget som står oppført først i kampprogrammet.

Viktige reglar:

Regel 1 – Banestorleik: 20 x 35 m.

Straffesparkfeltet: 15 m x 6 m.

Regel 2 – Ballen: 13–14 år: str. 4, 15–17 år: str. 5

Regel 3 – Tal på spelarar: Fem spelarar på kvart lag, inkludert målvakt, på banen samstundes. Innbytte kan skje kor tid som helst (flygande innbytte), og skal skje i nærleiken av midtstreken. Unntak: Målvakt kan berre byttast ved stopp i spelet. Deltakarliste skal leverast seinast 75 minutt før lagets første kamp i turneringa, føretrinnsvis på nett (Profixio).

Regel 7 – Speletid er 1x17 minutt. Start og slutt på felles signal. Det er eit tett kampprogram. Vi bed om at alle laga er klar til kamp på tida.

Regel 9 – Dersom ballen går i **taket** skal spellet gjenopptakast med målkast til motstandarens målvakt.

Regel 11 – Ingen offside

Regel 12 – Ingen umiddelbar soning ved gult kort. Ein spelar som har to gule kort i turneringa, må stå over neste kamp. Det same gjeld for kvart kort etter det.

Regel 13 – Frispark: Motspelarar til det laget som tar frispark skal vere minst fem meter frå ballen til ballen er i spel.

Sluttspel

Dei to beste laga i kvar pulje går vidare til A-sluttspel. I klassar med fire lag, går alle lag automatisk vidare til A-sluttspel, men plassering i gruppesspelet avgjer motstandar.

Dersom to eller fleire lag har like mange poeng etter gruppesspelet, avgjerast plassering etter følgande kriterium/rekkefølge: målskilnad/ flest skåra mål/ innbyrdes oppgjer, og til slutt ved myntkast i sekretariatet.

Kampar i sluttspelet avgjerast ved straffesparkkonkurranse dersom det står uavgjort ved full tid.

Regel 14 – Straffesparkmerket er midt foran målet på straffesparklinia.

Regel 15 – Innkast

Regel 16 – Målpark: Målpark er erstatta av **målkast**. Dersom målvakta kastar ballen direkte i motstandarlagets mål frå eit målkast eller mens ballen er i spel, skal målet ikkje godkjennast og motstandarlaget tildelast eit målkast.

Spelerett

Turneringa følger reglane og retningslinene frå NFF om alder og klasseinndeling. Spelarar må vere gyldig medlem av den klubben dei deltar for.

Turneringa følger NFF sine retningsliner for å nytte overårige spelarar (§ 2-3 og § 2-4).

Protest

Protest leverast til sekretariatet innan ti minutt etter kampslekt. Ein jury på tre personar vil ta stilling til protesten. Avgjerda kan ikkje påklagast, og er dermed endeleg.

Fair play

Turneringa blir gjennomført etter prinsippa som gjeld for fair play i norsk fotball. Vi vil ha kampvertar til stade under heile turneringa. Vi oppmodar alle spelarar, trenrarar og foreldre til å utvise gode haldningar og vise respekt for medspelarar, motspelarar, dommarar og spelet.